

Referat møte Nørre Javnlie

Dato: 26.01.2024

Stad: Kommunehuset Tingvang

Deltakarar:

Jostein Aanestad, Øystre Slidre kommune

Anne Karen Olsen, Øystre Slidre kommune

Per Rønneberg Hauge, Nørre Javnlie

Jon Hauge, Nørre Javnlie

Giske Hauge Kristensen, Nørre Javnlie

Solveig Karen R. Hauge, Nørre Javnlie

Kjell Jørgen Grythe, Nørre Javnlie

Leif Skjold Ekerbakke, Nørre Javnlie

Hans Kristian Syversen, Nørre Javnlie

På bakgrunn av motteken planinitiativ for Nørre Javnlie blei det den 26.01.2024 halde eit møte mellom utbyggar og kommunen for å avklara vidare prosess.

Eit planinitiativ kan frå administrasjonen sin side bli tilrådd eller ikkje bli tilrådd for vidare planarbeid. Eit planinitiativ som ikkje blir tilrådd for vidare planarbeid, kan få prøvd saka vidare for kommunestyret for eit politisk avgjerd.

Planinitiativ som ligg før er av tilfredsstillande kvalitet.

Innanfor og rundt reguleringsplanen avgrensing og område, går det føre seg i dag tre forskjellige kommunale prosessar. Det er kommuneplanen sin arealdel, oppfølging av VA-plan og ein beitebruksplan for området.

Beitebruksplanen:

Mellom Hedalstølande og Javnlie er det eit område som i dag blir bruk som eit beitebruksområde. Her er det fleire brukarinteresser om korleis område skal brukast, særleg mellom beitebruksnæringa og hytte/turistnæringa sin bruk av utmark. I forbindelse med arbeidet med stig- og løypeplanen, blei det ikkje landa nokon plan i dette området på bakgrunn av dette. I den forbindelse ble det vedteken at det skulle utarbeidast ein beitebruksplan for dette området, som eit konfliktdempande tiltak.

Det sama gjeld VA-planen for Javnlia-området. Kommunen ynskjer å nytta ein framtidig VA trase også stig og løype som kan nyttas mellom Beitostølen og Javnlia gjennom heile året.

Arbeide med beitebruksplan for området er i oppstartsfasen, og målet for arbeidet er å få den ferdig til behandling på slutten av 2024.

Kommuneplanen sin arealdel:

Kommunen har starta arbeidet med revidering av kommunen sin arealdel. Første forslag blei lagt frem for formannskapet den 25.01.2024. I den forbindelse har administrasjonen fått i oppdrag å sjå på forskjellige område og kva for nokre område som skal bli med vidare i ny plan. Eit av områdene administrasjonen fekk i oppdrag å sjå på, var Nørre Javnlie. Her blei det bestilt å sjå på størrelse på området, kor tett det skal byggast og moglegheitene for skjerming mot størlane i område. Administrasjonen sin konklusjon i denne saka, er at kommunen ikkje ønsker å sjå på dette no, men sjå dette i samanheng med ny beitebruksplan. Dette slutta formannskapet seg til.

På bakgrunn av dette vil ikkje administrasjonen tilrå ein oppstart av planarbeidet før arealdelen av kommuneplanen og beitebruksplanen for området er ferdig behandla i kommunen.